

SAKSHANDSAMAR
Sissel Carlstrøm

INNVALSTELEFON

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.
14/00521-56

DYKKAR REF.
14/00521

DYKKAR DATO
23.06.2014/03.10.2014

ARK. Forvaltningsarkivet
351.0

VÅR DATO
07.10.2014

Odda kommune
Opheimsgata 31
5750 ODDA

Utsendingsstempel: Hordaland fylkeskommune

15 OKT 2014

K O P I

Odda kommune. Tilsegn om tilskot til oppretting av stilling som byantikvar

Riksantikvaren takkar for søknaden frå Odda kommune datert 23.06.14, samtalar og utdjupeing av søknaden 03.10.14, og er veldig fornøgd med at kommunen slik ønskjer å styrke kulturminnearbeidet sitt.

Riksantikvaren har gjort følgjande vedtak i saken:

Riksantikvaren gir tilsegn om tilskot på 200.000 kroner i 2014 til å opprette byantikvarstilling i to år i Odda kommune frå Statsbudsjettet kapittel 1429 post 60 *Kulturminnearbeid i kommunane*.

Riksantikvaren vil under føresetnad om vidare løyving i statsbudsjettet, gi tilsegn om å del-finansiere ei full stilling som byantikvar. I 2015 er beløpet 400 000 kroner og i 2016 200 000 kroner. I tillegg til økonomisk støtte vil vi følgje opp med fagleg støtte og drifte eit nettverk for nye og «gamle» byantikvarar. Vi trur dette vil vere nyttig både for kommunen, for den tilsette og for andre delar av forvaltninga. Målet er å få byantikvarstillingane som del av den permanente kulturminneforvaltninga. Når det gjelder organisering og oppgåver for stillinga viser vi til invitasjonsbrevet vårt og søknadsbrevet frå kommunen.

Riksantikvaren stiller følgjande vilkår:

- Odda kommune opprettar 100 % stilling som byantikvar med delfinansiering frå Riksantikvaren.
- Byantikvaren skal bidra med kulturminnekompetanse i plan- og byggesaksarbeidet i kommunen.
- Byantikvaren skal prioritere arbeid med å lage og/eller følgje opp kulturminneplanar og andre typar planar som fremmer kulturminne, kulturmiljø og landskap.
- Informasjon og vegleing vil vere viktige arbeidsoppgåver for byantikvaren.
- Byantikvaren skal delta i og invitere til samarbeid med relevante fagmiljø lokalt og regionalt.
- Byantikvaren skal delta i nettverk for byantikvarar som Riksantikvaren vil invitere til.

Riksantikvaren ønskjer tilbakemelding med jamne mellomrom i form av skriftlege rapportar og annan kontakt; første gang når ein person er tilsett i stillinga, deretter i halvårlege rapportar

samt sluttrapport. Tilbakemeldingane frå kommunane er nyttige erfaringar som det er viktig at resten av kulturminneforvaltninga får ta del i.


Kommunen plikter å underrette Riksantikvaren skriftleg dersom tiltaket ikkje kan gjennomførast. Vi tar atterhald om at tilskotet kan krevjast tilbake heilt eller delvis dersom tiltaket ikkje blir gjennomført etter føresetnadene. I følgje § 17 i Bevilgningsreglementet har Riksantikvaren og Riksrevisjonen høve til å kontrollere bruken av midla.

Vedtaket kan klagast på til Klima- og miljødepartementet innan tre veker (jfr. Forvaltningsloven §§ 28 og 29). En evt. klage skal stilast til klageinstansen, med kopi til Riksantikvaren. Tilskotet blir overført Odda kommune når vi har mottatt aksept av vilkår og oppmøding om utbetaling ligg føre - **innan 20. oktober**.


Riksantikvaren ser fram til å følgje arbeidet. Ta gjerne kontakt med oss ved behov.

Lykke til med arbeidet!

Beste helsing



Marit Huse (e.f.)



Sissel Carlstrøm
Seniorrådgjevar

Kopi til: Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen